

Sinnes skule

2020 2021



Innhaldsliste

Innleiing ved rektor	3
Skuleruta	5
Praktisk informasjon	6
Føreskrift om ordensreglement og reglar og rutinar	9
Reglar for fråvær og permisjon	10
Skulebiblioteket	11
Rådgjevar	12
Sosiallærar	13
Skulehelsetenesta	14
Pedagogisk psykologisk teneste	15
Samarbeid	16
Personale	18

Innleiing ved rektor

Foreldre/føresette

Velkomen til skuleåret 2020/2021!

Mykje er ved det gamle, medan noko endrar seg, skreiv eg i fjar, og det siste året har det verkeleg passa. Våren var det både digital undervising og koronatilpassa skule, og me held fram med å vera forsiktige framover. Elles har me aldri starta skuleåret så seint, me skal få bygt om skulen, det er "nye" inngangsparti for ulike trinn, nokre skal vera på skulen og nokre i brakker (etter kvart), me skal innføra ny læreplan og me er elleve elevar og to lærarar færre enn tenkt.

Første skuledag ynskte me dermed tre nye elevar velkomen til skulen ute i amfiet. Me saknarungdomstrinnet, og er i år 35 elevar. Nå kan me i alle fall bli fleire, så me må framsnakka skulen alle saman, både samhaldet på tvers av alder og høgt aktivitetsnivå!

"BlimE"-songen i fjar handlar om at alle er vener som støttar kvarandre, både når me har det kjekt saman og når me har det litt vanskeleg ein dag. *Sammen kan vi klare alt, (...) Glem alle tingene du ikkje kan, (du er) best når du er deg selv og ingen annen.* Då må ein hugsa: "*Stopp, ikkje mobb*".

På skulen skal me læra mykje, m.a. læra å læra, få faktakunnskap og ha og grunngje eigne meininger. Då er det ikkje alltid resultatet som er det viktigaste! Me kan læra mykje av arbeidet mot eit resultat, dvs. av sjølve prosessen og samspelet, der alle må gjera sin del for at alle skal yta sitt beste. Me vil at alle skal gleda seg til å gå på skulen kvar dag. Me vil at elevar og lærarar er med på å gjera Sinnes skule til ein skule der alle trivst og torer å seia det dei meiner utan å vera redde for at nokon ler eller ertar dei. Det er enklare å få til når me gjer det saman, og kan hjelpa og oppmuntra kvarandre undervegs.

Eg gjentek gjerne det eg skreiv i fjar og året før; "Me er saman om at elevane skal få mest mogleg lærdom og kunnskap, og bli gagns menneske. Barn og unge skal få vera nyfikne og engasjerte, høflege og omtenksame". Me vil at alle skal oppleva at dei er verdifulle, at dei er trygge i ulike situasjonar, og at me respekterer kvarandre sjølv om me ikkje er heilt like. Nokre er flinke til å lesa, andre til å syngja, nokre er kjappe med ein ball, nokre hjelper og trøystar andre, nokre hugsar kjempegodt. Me treng alle!

Fagleg skal lærarane hjelpa alle til å læra mest mogleg, men det er faktisk berre EIN SJØLV som kan læra! Som foreldre er det viktig at du engasjerer deg og er interessert! Ved å visa interesse for skulen og det som skjer der, både fagleg og sosialt, hjelper du ungen din/ungane dine til å få eit positivt forhold til skulen.

Dette skuleåret vart det ein lang turdag på sykkel, sidan overnattingstur vart vanskeleg å gjennomføra, og leirskulen for 7. vart avlyst i haust, men leirskule har dei krav på, så me får berre sjå an utviklinga av covid 19 i samfunnet. Elles blir det SN-dag, Abeldag og verdas bokdag, *Zippys vene*, *Passport MOT*, trivselsleiarar, aktivitetsdagar og BlimE-dans. Nytt av året er innføring av ny fagplan. Årsplanane blir endra etter nye kompetanse mål og nye omgrep, med kjerneelement, tverrfaglege tema og grunnleggjande dugleikar, men me prøver oss litt fram, for dette er nytt for alle. Dermed treng me både dette året og neste år for å få planane "under huda", og vil vurdera nye lærebøker når me har fleire trinn å vurdera ut frå.

Dei siste åra har me arbeidd med sosial læreplan, der elevar skal læra empati, sjølvregulering og sjølvhevding. Ungane "våre" er ivrige og aktive, noko ein mellom anna ser i friminutta, der alle er med, og der dei eldste tar vare på dei yngste. Det er ikkje sjølv sagt alle stader. Likevel kan ein alltid bli betre, og må øva på m.a. sjølvregulering, slik at ein t.d. lyttar like mykje til andre, om ikkje meir, som ein snakkar sjølv.

Eitt tverrfagleg tema er demokrati og medborgarskap, og me held fram med morgonsamlingar med barnerettar og menneskerettar når brakkene er på plass. Dei to andre tverrfagleg tema er folkehelse og livsmeistring og berekraftig utvikling. *Miljøagentene - barnas miljøvernorganisasjon* sin konkurranse "Beintøft" kan gå inn i eit slikt tema. Dei vil inspirera til å gå, sykla eller reisa kollektivt til skulen, noko dei fleste gjer allereie. "Slik blir det mindre forurensning der vi bor, lufta blir renere og området rundt skolen blir tryggere. Hver uke i Beintøft har et eget ukestema som fokuserer på ulik klima- og miljøproblematikk." <https://www.beintoft.no/>.

Rektor held fram med å leggja ut månadsbrev i byrjinga av månaden på skulen si heimeside. Abonnerer de på <https://www.minskole.no/sinnes>, får de melding på e-post når det er lagt inn noko nytt. Me nyttar ikkje passord, så det er berre å klikka seg inn jamt og trutt om du ikkje abonnerer. Visma flyt skule fungerer godt med informasjon, søknader og meldingar begge vegar, og snart får me lagt ut timeplan-delen òg. Då kan m.a. kvar lærar leggja inn meldingar i sitt fag om noko endrar seg, t.d. om at det blir skitur neste dag. Informasjonsheftet, som du les nå, vert oppdatert på heimesida, og de finn informasjon om stort og smått, så det lønar seg å følgja med.

Samstundes som nye fagplanar blir tatt i bruk, skal me ikkje gløyma arbeidet med klasseleiing, lesing i alle fag og læringsstrategiar/vurdering for læring. Det er viktig at ungane har lært seg ulike strategiar og måtar å læra på, slik at dei kan finna fram til dei læringsmåtane som passar best for seg til ei kvar tid. Det skal, som skrive tidlegare, ikkje meir til enn å høyra jenta di/guten din lesa litt av leseleksa eller at du stiller eit spørsmål eller to om kva dei har gjort på skulen eller frå leksene, så får ungane meir læring utav det.

Skulle det vera noko, så ta kontakt! Det er betre med ein gong for mykje, enn ein for lite. Lukke til med eit lærerikt og aktivt skuleår!

Sinnes 16.09.20, Åse-Berit

Skulerute 2020/2021

2020	
Månad	Skuledagar
August	Skulestart: Måndag 17. august Planleggingsdag for lærarane 11.-14. august
September	22
Oktober	Haustferie 5.-9. oktober (veke 41/Rogalandsferie)
November	Fri fredag 13. november Planleggingsdag for lærarane/Skulemøte i Rogaland (15/11)
Desember	Siste skuledag før jul: Måndag 21. desember <i>* Inkludert juletrefest 17. desember</i>
Sum haust	86
2021	
Januar	Første skuledag måndag 4. januar
Februar	20
Mars	Vinterferie 1.-5. mars (veke 9/Rogalandsferie) Påskeferie måndag 29.- 31. mars
April	Påskeferie t.o.m. måndag 6. april
Mai	Fri torsdag 13. mai (Kristi himmelfartsdag), fredag 14. mai, måndag 17. mai og måndag 24. mai (2. pinsedag)
Juni	Siste skuledag fredag 18. juni <i>* Inkludert overnattingstur</i>
Sum vår	103
SUM skuleår	191

I tillegg kjem ein (1) planleggingsdag for lærarane fordelt på to foreldremøte

Ekstradagar for 1. - 4. trinn:

Haust 2020: Onsdag 26 august (veke 35)
Onsdag 11. november (veke 46)
Onsdag 16. desember (veke 51)

Våren 2021: Onsdag 7. april (veke 14)
Onsdag 12. mai (veke 19)
Onsdag 26. mai (veke 21)
Onsdag 16. juni (veke 24)
Onsdag 17. juni (veke 25)



Praktisk informasjon

Start- og sluttid for timer og friminutt

1. time: 08.50 - 09.35
2. time: 09.35 - 10.20
3. time: 10.35 - 11.20

4. time: 11.50 - 12.35
5. time: 12.35 - 13.20
6. time: 13.35 - 14.20



Turar og ekskursjonar

18. august: Heildagstur Hedlarlone

Den kulturelle skulesekken

- | | | |
|---------------|-----------------|---|
| 22. oktober: | 1. - 7. klasse: | Villaksen Salomon (litteratur) |
| 10. november: | 1.-7. klasse : | Fint er rart - Rart er fint (musikk) |
| 5. februar: | 1.-4. klasse: | Alle har en liten dør bak øret (teater) |
| Mai/juni: | 1. - 7. klasse: | Menneskeet og ilden |

Anna:

- | | |
|---------------|---|
| 23. oktober: | SN-dag |
| 12. november: | BlimE-dans |
| Veke 48: | Nordisk litteraturveke - <i>Morgengry</i> |
| 27. november: | Julegrantenning |
| 17. desember: | Juletrefest |
| 21. desember: | Julegudsteneste |
| 11. februar: | Den store skulekinodagen (1-4 og 5-7) |
| 19. februar: | Abel-dag (matematikk) |
| Veke 11: | Skiaktivitetsdag 1.-4. klasse Sirdalsskulen (16., ev. 18. mars) |
| Veke 12: | Skidag |
| 22. april: | Verdas bokdag |
| 26. mai: | Vårsamling 1-4, ev. med Zippys venner-fest |
| 17. juni: | Ev. avslutningsfest 10. klasse |
| 18. juni: | Skulegudsteneste og aktivitetsdag |

Møte og konferansar:

Foreldremøte haust:

1. - 4. klasse: 25. august kl. 19.00

5. - 7. klasse: 8. september

Foreldrekonferansar haust:

1. - 4. klasse: Veke 44

5. - 7. klasse: Veke 45/4. november

Foreldremøte vår:

5.-7 . klasse: 2. februar

1. - 4. klasse: Veke 23 (m/sommaravslutning)

Foreldrekonferansar vår:

1. - 4. klasse: Veke 12

5. - 7. klasse: Veke 12/24. mars

Nasjonale prøvar:

Veke 36-39: Lesing for 5. klasse (elektronisk prøve)

Veke 36-39: Engelsk for 5. klasse (elektronisk prøve)

Veke 36-39: Rekning for 5. klasse (elektronisk prøve)

Eksamens - så veit me kva som skjer:

12. mai: Opplysning om trekkfag skriftleg eksamen kl. 09.00

18. mai: Førebuing til eksamen - norsk

19. mai: Eksamens - norsk hovudmål

20. mai: Eksamens - norsk sidemål

Førebuing til eksamen - engelsk

21. mai: Eksamens - engelsk

25. mai: Eksamens - matematikk

Føreskrift om ordensreglement

Forskrift om ordensreglement er heimla i opplæringslova §2-9, og fastsett av Utval for oppvekst og levekår i Sirdal kommune 06.05.2015.

Føreskrifta trer i kraft 01.08.2015 og erstattar tidlegare ordensreglement ved den einskilde skulen i Sirdal kommune.

Føreskrifta er eit viktig dokument i samband med oppfølging av opplæringslova §9a, om elevane sitt skulemiljø

INNHOLD

§ 1 Føremål

§2 Verknadsområde

§ 3 Elevane sine plikter. Arbeids- og læringsmiljø

§ 4 Oppmøte og fråvær

§ 5 Orden

§ 6 Åtferd

§ 7 Elevane sine rettar

§ 8 Kontakt skule - heim

§ 9 IKT-reglement

§ 10 Konsekvensar for elevar som bryt reglane

§ 11 Sakshandsaming ved bruk av refsingstiltak

Heile ordensreglementet finn de nede på høgre side på heimesida

§ 12 Skulen sine tilleggsreglar, sjå neste side

Mal for "fin føring" ved (innleverings)arbeid i matematikk på Sinnes skule

- 1) Venstremarg (2 - 3 cm brei)
- 2) Oppgåvenummer
- 3) Ved innføring: Kladd oppgåvene først, og bruk penn på sjølve innføringa, bortsett frå det ein gjer med passar
- 5) Alle strekar/understrekingar skal lagast ved hjelp av linjal!
- 6) To strek under svara (med linjal!)
- 7) Nemning (kg, bananar osb.) og tekst i svaret ved tekstoppgåver
- 8) Luft mellom dei einskilde oppgåvene, både bortover og nedover, t.d. fire ruter
- 9) Rettingar: Oppgåva skal gjerast om att, ikkje berre endra tala i innføringa
- 10) Underskrift frå foreldre/føresette

Mal for "fin føring" ved (innleverings)arbeid i norsk på Sinnes skule

- 1) Kladd oppgåva først og bruk penn på heile innføringa!
- 3) Bruk jamn venstremarg (tre (3) cm brei) og høgremarg
- 5) Alle overskrifter skal skrivast med store bokstavar (versalar)
- 6) Del inn i avsnitt:: - ved skriving for hand rykkjer ein inn tre (3) cm
- ved bruk av PC hoppar ein over ei line
- 7) Læraren samlar på gode formulering til ei "skryteliste"
- 8) Rettingar: Elevane kan få i oppgåve å retta, både eigne og andre sine skrivefeil
- 9) Underskrift frå foreldre/føresette (kan variera)

Reglar for fråvær og permisjon

Fråvær frå pliktig undervising

Det er viktig for læringa til elevane at dei er på skulen, og stort fråvær kan få negativ effekt på kor mykje dei klarer å læra. Forsking viser òg at elevar med stort fråvær på ungdomsseget i langt større grad enn andre vel bort vidaregåande opplæring. Stort fråvær kan òg vera eit teikn på at born og unge treng hjelp. Eit fråvær på 10 - 15% blir rekna som høgt.

Alt fråvær skal framleis registrerast på skulane. Dei føresette nytta funksjonen *Fråvær* i Visma Flyt Skule, anten via app eller nettsida. Ved søknad om planlagt fråvær vert søknadsskjema som ligg på heimesida, nytta enn så lenge for å grunngje fråværet. Dette kjem i Visma Flyt Skule etter kvart. Ikkje-dokumentert fråvær vil bli rekna som ugyldig fråvær, altså skulk, og kan få noko å seia for eleven sin ordenskarakter i ungdomsskulen.

De finn omtalt kven de skal søkja til ved planlagt fråvær i "Kommunale forskrifter for grunnskulen". Det er utarbeidd rutinar i samband med fråvær og oppfølging av dette.

Elevar på ungdomsseget, som ført fråvær for alle tre åra på vitnemålet, kan etter **søknad** få ti (10) dagar i fråtrekk på registrert fråvær, etter reglar som er nærmere gjort greie for i føreskrift til opplæringslova i samband med langtidssjukefråvær og religiøse høgtider;

Permisjon frå den pliktige opplæringa, [opplæringslova §2-11](#)

Føring av fråvær [Forskrift til opplæringslova §§3-41](#)

Skulebiblioteket

Skulebiblioteket er ein del av folkebiblioteket, Sinnes filial, og kan nyttast saman med lærar i skuletida. Anne Grethe Nerheim Ådneram er bibliotekar på skulebiblioteket, og elevane kan få hjelp av henne til å finna gode bøker eller faglitteratur. Nokre klassar har fast bibliotektime.

Opningstidene for Sinnes filial er måndag kl. 17.00 - 20.00. og Anja Kristin Haugom er bibliotek på filialen og hovudbiblioteket på Tonstad.



Anne Grethe Nerheim Ådneram

Rådgjevar

Rådgjevar jobbar med

- å hjelpe elevar på ungdomsskulen med å skaffa seg informasjon om vidaregåande opplæring, høgare utdanning og ulike yrke
- faget utdanningsval
- å organisera hospitering i vidaregåande skule og arbeidsutprøving hos bedrifter
- å delta med informasjon om vidaregåande skule på foreldremøte i ungdomsskulen
- individuell karriererettleiing
- å rettleia elevar i 10.klasse gjennom søkjeprosessen (søknadsfrist 1. februar)
- å hjelpa elevar med spesielle behov til å søkja på særskilt grunnlag samarbeid med vidaregåande skular slik at dei får ein god skulestart
- å informera, motivera og setja i gang tiltak rundt elevar som ikkje heilt veit kva dei skal velja
- val av 2. framandspråk/språkleg fordjuping frå 8. klasse

Rådgjevar samarbeider med spesialpedagogisk team, sosiallærar, kontaktlærarar og PPT for at elevar med spesielle behov skal få nødvendige ressursar og best mogleg oppfølging i vidaregåande skule. (Kjelde: <http://tonstad.skule.no/index.php?pageID=56&page=radgjevar>)



Erik Kolbeinsen

Sosiallærar

Opplæringslova §22-1:

"Den enkelte elev har rett til å få naudsynt rådgjeving, oppfølging og hjelp med å finna seg til rette under opplæringa, ved spesielle faglege vanskar under opplæringa, og ved personlege og sosiale vanskar som har noko å seie for opplæringa"

Hovudoppgåva til sosiallærar er å hjelpe elevane til å finna seg til rette på skulen. Det er skuleplikt her i landet, og då må det vera ein rett å ha det bra.

På skulen er den sosialpedagogiske tenesta, sosiallærar og rådgjevar, dei som hjelper med desse utfordringane. Sosiallærar har kontakt med det eksterne hjelpeapparatet, alternative skuletilbod, spesialskular, PP-tenesta og den kommunale helse- og sosialtenesta, medrekna medisinske og sosiale institusjonar.

Sosiallærar kan kontaktast direkte på kontoret, på telefon eller på e-post. Dei som tek kontakt er eleven sjølv, elevar som er uroa for medelevar, føresette eller lærarar.

Kontortid vert kvar torsdag i 6. time på trapperommet.



Lena Bøgwald

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta skal jobba for:

- Å forebyggja sjukdom og fremja god fysisk og psykisk helse hos alle skuleborn

Tilbodet består av:

- Helseundersøking og rådgjeving
- Vaksinering
- Førebyggjande psykososialt arbeid
- Opplysningsverksemnd og rettleiing
- Oppsøkjande verksemnd
- Samarbeid med skulen om elevane sine arbeids- og læringsmål
- Rettleiing om samliv, seksualitet og prevensjon

Lena Knutsen er her minst ein måndag i månaden, ev. andre dagar ved vaksinering o.l., og ho er med på Zippy av og til.

Helsesøster kan i haust treffast på desse datoane på trapperommet frå 11.00-13.00: 24. august

- 7. september
- 21. september
- 12. oktober
- 26. oktober
- 9. november
- 23. november
- 7. desember

Helsesøster vil òg delta på møte og undervising ved behov etter nærmere avtale, samt foreldremøte på småtrinnet for å presentera tilbodet til skulehelsetenesta for foreldra. Ho tek etterhald om endringar.

PPT

Pedagogisk psykologisk teneste

Kommunane Sirdal, Flekkefjord, Kvinesdal, Lyngdal og Farsund har etablert ei felles PPT-teneste (Pedagogisk Psykologisk Tjeneste) kalla Lister PPT. Samarbeidet er organisert etter "vertskommunemodellen" med Farsund kommune som vertskommune. Ordningsa med fast kontordag i Sirdal ein gong i veka held fram, og Gitte Johannessen er omlag ein torsdag i månaden på Sinnes skule.

I opplæringslova heiter det at "Tjenesten skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa bedre til rette for elevar med særlige behov." PPT har eit nært samarbeid med m.a. skule og barnehage, og arbeider for at opplæringa skal leggjast til rette for den enkelte brukar.

"Foreldre som har barn og unge som trenger særlig hjelp og støtte kan henvenne seg til den pedagogiske psykologiske tjenesten (PPT) for å få hjelp. Det kan dreie seg om fagvansker, atferdsvansker, funksjonshemminger og forhold som har med trivsel å gjøre." Kjelde: <http://www.farsund.kommune.no/organisasjon/oppvekst-og-kultur/lister-ppt>

PPT sitt arbeid kan delast inn i fire delar:

1. Utgreiing/kartlegging gjennom samtale med føresette og skule, observasjonar og/eller testing.
2. Sakkunnig vurdering m.a. i samband med rett til spesialundervising, rett til spesialpedagogisk hjelp før skulealder, i samband med utsett eller framskoten skulestart, for inntak på særskilte vilkår i vidaregåande skule eller ved søknader om ulike hjelphemiddel og utstyr i pedagogiske samanhengar.
3. Oppfølging der PPT gjev råd og rettleiing til føresette og tilsette i barnehage/skule.
4. Systemarbeid, t.d. kompetanseheving i barnehage og skule i form av ulike kurs og prosjekt. I samband med dette er det krav om at kvar skule skal ha jamlege møte i pedagogiske team, tidlegare spes.ped.team.

Les gjerne meir her:

<http://www.farsund.kommune.no/organisasjon/oppvekst-og-kultur/lister-ppt/293-pedagogisk-psykologisk-tjeneste-ppt>

Samarbeid

Klassekontaktar:

Klassekontaktane er sentrale foreldrerepresentantar i skulesamfunnet. Dei arbeider på klassenivå, der samarbeidet mellom heim-skule vert forma.

Oppgåvene til klassekontaktane er å:

- vera bindeledd mellom føresette og klassestyrar. Klassekontakt og klassestyrar har saman eit særskilt ansvar for å utvikla eit positivt klassemiljø
- vera talerøy for føresette i saker av generell karakter og ta opp desse med klassestyrar. Klassekontaktane skal ikkje involverast i spørsmål som gjeld enkeltsaker

Klassekontaktar - med vararepresentant i parentes:

1. - 2. klasse:	Ole Tom Sinnes	(John Ove Sinnes)
3. - 4. klasse:	André Karoliussen	(Helin Morel)
5. klasse:	Piotr Jarosz	(Jorid Tafjord)
6. klasse:	Bjørg Hilde Fidjeland	(Roy Hegre)
7. klasse:	Wenche Svanes	(Ranveig Førland)

Rådsorgan:

Foreldrerådet

Opplæringslova slår fast at det skal vera eit foreldreråd ved kvar skule. Alle føresette som har barn på skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet har som oppgåve å velja arbeidsutval (FAU).

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Føresette har hovudansvaret for barna si utvikling, og føresette har rett og plikt til medverknad i skulen. FAU skal bidra til å sikra reell medverknad frå føresette. FAU har vidare eit medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt. FAU skal fremja fellesinteressene til føresette i skulen bidra til at føresette tek aktivt del i arbeidet for å skapa eit godt skolemiljø arbeida for eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Leiar: André Karoliussen

Nestleiar: Ole Tom Sinnes

Sekretær: Bjørg Hilde Fidjeland

Elevrådet

Ved kvar skule skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vera eit elevråd med representantar for elevane. Desse skal veljast seinast tre (3) veker etter at skuleåret har starta. Elevrådet skal fremja fellesinteressene til elevane på skulen og arbeida for å skapa eit godt lærings- og skudemiljø. Rådet skal òg kunna uttala seg i og koma med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

Leiar: Johanna Tjørhom
Nestleiar: Theodor Kvalvågnes
Sekretær: Hilde Sinnes

Samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vera eit samarbeidsutval med følgjande samansetjing:
To (2) representantar for lærarane
Ein (1) representant for andre tilsette
To (2) representantar for foreldrerådet
To (2) representantar for elevane
To (2) representantar for kommunen (Ein (1) politisk valt samt rektor)

Samarbeidsutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulen. Elevrepresentantane skal ikkje vera til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir handsama.

Leiar:
Nestleiar:
Sekretær:

Skudemiljøutvalet

Ved kvar skule skal det vera eit skudemiljøutval (SMU). Her skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vera representerte. Elevane og føresette skal til saman ha fleirtal i utvalet.

Skudemiljøutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skudemiljøet, jamfør opplæringslova kapittel 9a. Utvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for eit godt skudemiljø. Elevrepresentantane skal ikkje vera til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt vert handsama.

Leiar:
Nestleiar:
Sekretær:

Personale



Åse-Berit Fidjeland (rektor)

Telefon: 38379390

Mobil: 94521258

Adresse: Sirdalsvegen 8048, 4443 Tjørhom

E-post: aase-berit@sirdal.kommune.no

Trefftid: Måndag, tysdag, onsdag og fredag 08.00-15.00



Lena Bøgwald (inspektør, sosiallærar og faglærar)

Telefon: 38379067

Mobil: 41477160

Adresse: Haugen 64, 4443 Tjørhom

E-post: Lena.Bogwald@sirdal.kommune.no

Trefftid: Torsdag kl. 08.50 - 09.35



Anne Fosse Tjørhom (klassestyrar 1.-2. kl. og spes.ped.)

Telefon: 38379373

Mobil: 98632333

Adresse: Tjørhom 30, 4443 Tjørhom

E-post: anne.fosse@sirdal.kommune.no

Trefftid: Tysdag kl.10.35 - 11.20



Kristina Smedegård (klassestyrar 3. og 4. klasse)

Telefon: 38379372

Mobil: 90692706

Adresse: Tjørhom 9, 4443 Tjørhom

E-post: Kristina.Smedegard@sirdal.kommune.no

Trefftid: Torsdag kl. 11.50 - 12.35



Terje Sinnes (faglærar)
Telefon: 38379386
Mobil: 95148367
Adresse: Sirdalsveien 7496, 4443 Tjørhom
E-post: terje.sinnes@sirdal.kommune.no
Trefftid: Måndag kl. 09.35 - 10.20



Torger Åge Sinnes (klassestyrar 5. kl og plassstillsvald)
Telefon: 38379395
Mobil: 93252780
Adresse: Tjørhom 7, 4443 Tjørhom
E-post: Torger.Age.Sinnes@sirdal.kommune.no
Trefftid: Tysdag kl. 09.30 - 10.00



Anne Grethe Nerheim (klassestyrar 6. klasse)
Telefon: 38379387
Mobil: 95059774
Adresse: Myre 8, 4443 Tjørhom
E-post: Anne.Grethe.Nerheim@sirdal.kommune.no
Trefftid: Tysdag kl. 09.30 - 10.00



Hilde Sinnes (klassestyrar 7. klasse)
Telefon: 38379376
Mobil: 92022173
Adresse: Lange bakken 22, 4443 Tjørhom
E-post: hilde.sinnes@sirdal.kommune.no
Trefftid: Tysdag 12.00 - 12.30



Gunn Iren Josdal (faglærar Sinnes og Tonstad)

Telefon: 38379371

Mobil: 99772251

Adresse: Haugen 90, 4443 Tjørhom

E-post: gjj@sirdal.kommune.no

Trefftid: Tysdag kl. 09.00 - 09.30



Ingeborg Selma Kvæven (faglærar)

Telefon: 38379029

Mobil: 91866994

Adresse: Kvæven 14, 4443 Tjørhom

E-post: Ingeborg.Selma.Kvaeven@sirdal.kommune.no

Trefftid: Tysdag kl. 09.00 - 09.30



Erik Kolbeinsen (faglærar og rådgjevar)

Telefon: 383793875

Mobil: 97485818

Adresse: Klattane 33, 4443 Tjørhom

E-post: erik.kolbeinsen@sirdal.kommune.no

Trefftid: Tysdag kl. 09.30 - 11.00



Pamela Lancaster (SFO-leiar)

Telefon: 38379381


Mobil: 41548938

Adresse: Sirdalsveien 5665, 4440 Tonstad

E-post: pamela.lancaster@sirdal.kommune.no



Inger Marie Frøvik Sinnes (merkantil tilsett)
Telefon: 38379377
Mobil: 97636595
Adresse: Sirdalsveien 7484, 4443 Tjørhom
E-post: inger.sinnes@sirdal.kommune.no
Trefftid: Måndag, onsdag og torsdag 08.00-13.30



Magne Tjørhom (vaktmeister)
Telefon: 38379380
Mobil: 91757648
Adresse: Sirdalsveien 6828, 4443 Tjørhom
E-post: magne.tjorhom@sirdal.kommune.no